

ÅRSMELDING HOVDEBYGDA IL LANGRENN

STYRET 2016: Leiar: Rune Røyarhus

Kasserar: Bjørnar Øye

Arrangements- og heimesideansvarleg: Guttorm Øye

Anleggsansvarleg: Geir Aamund Hovden

Styremedlemar og sportslege leiarar for aldersbestemte grupper:

Johnny Riise: 7-9 år

Runar Gretland: 10-11 år

Dag Jarle Aa: 12-13 år

Hans Olav Sætre: 14 år og eldre

Utanom det sportslege har vi hatt dugnadar i langrennsløypene på Bondalseidet med mellom anna grøfting og rydding, måling av tidtakarbod og smørebod. Laging av fundament til gapahuken som skal setjast opp ved langrenns-stadion.

Lysløypa i Hovdebygda har vi «gjeve» vekk til Hovdebygda Soge og Velferdslag, dei tek på seg å halde den vedlike som ei turløype, men lysanlegget vil dei ikkje vere ansvarleg for.

Vi må derfor bestemme om vi skal demontere, eventuelt vedlikehalde det. (fleire stolpar er til forfall og manglar lys også).

Vi har fått ei aukande medlemsmasse, med aktive foreldre som stiller opp både på treningar, skirenn og andre dugnadar.

Vi betalar Ørsta Skisenter for preparering av løypa på Bondalseidet og leiger betepussing av løypa kvar haust.

Økonomien er oversiktleg og grei, vi har pengar i banken til å bruke på anlegget når det trengst.

Av større utgifter til utstyr kan eg ikkje kome på anna enn løypevalse som vart innkjøpt i desember. Den kjem vel på rekneskapet for 2017?

Ørsta 12.02.2017

Rune Røyarhus

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

Langrennssesongen 2016 har vore ein svært god sesong. Kanskje den beste nokon gong i Hovdebygda langrenn si historie med tanke breidde og antal løparar på treningar og i krinsrenn. I tillegg har vi mellom anna arrangert KM i fristil, fleire Sparebank 1-cuprenn på ski, 3 rulleskirenn, fleire treningssamlingar og overnattingsturar i regi av klubben.

Sportslege resultat:

NM junior og Norgescup junior:

Hovdebygda IL har hatt to juniorar, Vegard Røyrrhus og Åsmund B Øyehaug, som har delteke i norgescuprenn (NC) for juniorar og NM junior. Vegard deltok i NC på Steinkjer 8.10.1.2016 der han vart nummer 47 på klassisk, nr 75 i sprint klassisk og 44 i fristil. Under NC på Hovden 12-13.2016 vart han nummer 59 på sprint fristil og nummer 48 på klassisk rennet. NM junior vart arrangert på Vang. Der vart han nummer 60 på klassiskrennet og 68 på fristilrennet.

Sparebanken Møre-cup:

I SPM-cupen (Møre og Romsdalskikrets sin krinscup) vart Vegard nummer to samanlagt med 3 sigrar og 4 andreplassar. I tillegg vann Hans Olav Sætre cupen i klasse menn senior. Hovdebygda har hatt mange deltakar på fleire av cuprenna, særleg i dei yngre klassene. På fleire av renna var HIL langrenn største klubb. I tillegg har fleire delteke i SFF-cup i Sogn og Fjordane. Hans Olav Sætre og Håvard Sætre deltok og i Trollstigen Opp

Krinsmeisterskap:

Under KM i fristil vart det siger til Bjørnar Øye og tredje plass til Runar Gretland i menn senior. Åsmund B Øyehaug (M19/20), Vegard Røyrrhus (G18), Adrian Flote (G15), og Svea Gretland (J15) fekk sølv, medan Maraia Sætre (J15) fekk bronse.

Turrenn:

Hovdebygda IL har fleire veteranar som har delteke i fleire turrenn gjennom heile sesongen. HIL langrenn var mellom anna representert på Birkebeinerrennet, Skarverrennet, Hafjell skimarathon,

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

□

Engadin skimarathon i Sveits, Tverrfjelldilten, Fjellsæterrunden og Hornindalsrennet. I tillegg til fleire terrengløp på sommaren: Birkebeinerløpet, Ørsta fjellmarathon, Over stakk og stein og Postvegløpet.

Bilde 1: Ingvild Øye vart nummer 12 av 500 i D21-30 år under Engadin skimarathon. Johnny Riise og Runar Gretland gjekk fort under Birkebeinerrennet.

Krinslaget:

Hovdebygda IL langrenn har hatt to deltakar på Møre og Romsdal sitt krinslag i 2016. Desse var Vegard Røyrhus og Åsmund B Øyehaug.

Bilde 2: Vegard Røyrhus på treningssamling på Sognefjellet med krinslaget, juni 2016.

Storfjord langrenn:

□

Hovdebygda IL langrenn har hatt med 2 deltakarar på Storfjord langrenn i 2016. Desse var Adrian Flote og John OLav H Hatløy.

Bilde 3: Adrian Flote på samling med Storfjord langrenn, hausten 2016

Arrangement:

KM-fristil :

Vi arrangerte KM i fristil på Bondalseidet 23.1.2016. Arrangementet vart ein suksess med totalt 124 deltakarar, mange av desse frå HIL langrenn.

Sparebank 1 cup og sonerenn:

Det vart arrangert 5 Sparebank 1-cuprenn på Bondalseidet. KM og sonerenn inngjekk i cupen. Deltakinga var god frå aldersklassene 7 år og eldre. Under 7 år skulle vi gjerne hatt med fleire, men desse har og eit godt tilbod gjennom Ørsta IL trim sine cuprenn som fangar opp mange i denne aldersgruppa.

Bilde 4: God deltaking i Sparebank-cuprenna i 2016

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

□

Sparebank 1 rulleskicup:

I løpet av hausten 2016 arrangerte vi 3 rulleskirenn. Dei to første vart arrangert i rulleskiløypa på Ullsheim, det siste på området omkring Bygg 1. Rulleskicupen vart ein stor suksess der vi i år fekk med mange deltakarar frå heile Nordfjord og Søre Sunnmøre.

Bilde 5 Frå første rulleskicuprennet på Ullsheim, hausten 2016

Skikveld:

Det vart i år som tidlegare år arrangert skikveld på Tussatun i Hovdebygda. Representantar frå Madshus og Fischer stilte i lag med Sport 1 Ørsta. Skikvelden hadde god deltaking og eit variert program tilpassa ei brei målgruppe. Det vart i tillegg halde minismørkurs heime med Bjørnar i forkant av KM på Bondalseidet der foreldre kunne lære om skiprepping m.m.

Treningar og samlingar:

Vinteren 2016:

Snøen kom seint (midten av januar), men etter dette var det stort sett fine forhold på Bondalseidet. Vinteren 2016 hadde vi 3 treningsgrupper som trena kvar tysdag og torsdag frå nyttår til påske. 7-9 år: Trenar Johnny Riise. Stabilt god deltaking, omkring 10-15 stk.på kvar trening. 10-12 år: Trenarar Runar Gretland og Dag J Aa. God deltaking, 10-15 stk på kvar trening. 13+: Trenar: Hans Olav Sætre. 2-5 stk på kvar trening

Hausten 2016:

Vi auka til 4 treningsgrupper som alle har hatt 2 treningar per veke.

7-9 år: Trening frå og med haustferien. Trenar i gymsalen ved Hovden skule tysdagar: Maria Sætre og Svea Gretland. Trenarar på rulleski, torsdagar: Johnny og Ingvild Saure Riise. Godt oppmøte, ca 10 kvar gong. 10-11 år: Trening frå og med haustferien. Trenarar: Runar og Elisabeth Gretland. Barmark og

innetrening torsdagar, rulleski på tysdagar. Godt oppmøte, 10-15 stk kvar gong.

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

□

Bilde 6: Rulleskitrening for 10-11 og 12-13 årsgruppa, hausten 2016

12-13 år: Trening på rulleski tysdagar frå starten av september. Trenarar: Hans Olav Sætre og Dag

Jarle Aa. Trening på barmark og inne i gymsal på torsdagar: Trenarar: Dag J Aa, Gry Vatne og Thomas

Haram . Godt oppmøte, omkring 10 stk kvar gong.

Bilde 7: Frå barmarkstrening med 12-13 årsgruppa, hausten 2016

□

14+: Trening på rulleski frå og med starten av september. Denne treninga har vore i samarbeid med

Volda langrenn og skiskyting. Trenar: Hans Olav Sætre. 14+ har i tillegg hatt tilbod om intervalltrening

onsdagane i lag med "onsdagsgjengen"

"Onsdagstreninga": Onsdagstreninga er eit tilbod til foreldre i HIL langrenn, sponsorar og til alle andre

over 14 år som har lyst til å delta på intervalltrening kvar onsdag året rundt.

Treninga er mellom anna

meint som eit tiltak for å skape godt foreldremiljø i gruppa og har hatt godt oppmøte med opp mot

10 deltakarar kvar gong.

Samlingar: Vi har i løpet av sesongen arrangert to treningssamlingar for klubben på Ullsheim. Ei

todayarssamling med overnatting og ei eindagssamling. Begge samlingane hadde omkring 20

deltakar. I tillegg arrangerte vi på vinteren ein overnattingstur/familietur i samband med skirenn i

Osmarka og Vistdal. Løparane våre har i tillegg delteke på Stordfjordsamlinga (9 deltakar og 5

foreldre deltok), og på samling med landslagstrenar Sjur Ole Svarstad i regi av Sogn og Fjordane

skikrins på Ullsheim (3 deltakar). I tillegg kjem alle samlingane med krinslaget og Storfjord langrenn

(sjå under "sportslege resultat"). Vi arrangerte og sesongavslutningstur med topptur på Skårasalen 1.

pinsedag.

Bilde 8. HIL langrenn var godt representert under Stordalsamlinga hausten 2016

□

Bilde 9. Klubbetur til Skårasalen, 1. pinsedag.

SPORTSLEG ÅRSMELDING SESONGEN 2016

Trenarkurs: I juni hadde HIL langrenn med 2 deltakarar på Norges skiforbund sitt
Trenar 2-kurs i
langrenn på Sognefjellet.

Bilde 10. Hans Olav Sætre og Dag Jarle Aa Trenar 2 kurs på Sognefjellet, juni
2016

□